



## Viktige datoar

**Onsdag 3. juni kl. 18:00**  
**Informasjonsmøte - for både konfirmantar og føresette.**

**Vel møtt i Storsalen i Tunet** til orientering om konfirmantåret 2026/2027. Her får du høyre meir om konfirmantopplegget vårt og får gode tips inn mot påmelding.

Dette infomøtet er både for deg som er sikker, men og du som er usikker på om du vil konfirmerast i kyrkja.

**Søndag 7. juni kl. 09:00**  
**Påmeldinga startar!**  
**Føresette** melder konfirmanten på, og saman vel de gruppe, konfirmasjonsdato og klokkeslett.

Når gruppealternativa vert fulle forsvinn dei frå lista som alternativ, så det er lurt å melde seg på så snart de kan!

## Samarbeid med heimen

### **Samarbeid**

Vi er svært takknemlege for at foreldre og besteforeldre stiller opp i dei ulike oppgåvene vi har behov for å dekkje. Kryss av ved påmeldinga kva de kan bidra med av desse oppgåvene:

- **Lage mat til konfirmantsamling:**  
**kl. 14.15 – 16:00**
- **Vaksenstøtte på samling:**  
**kl. 15:30 – 17:45**
- **Foreldre på leir/overnatting**

### **Trygg konfirmasjonstid**

Det er viktig for oss, og trygt for konfirmanten, at de melder frå om særskilde behov frå starten av, enten i påmeldinga eller ved å ta kontakt med oss

**Saman legg vi til rette for ei fin konfirmasjonstid med gode opplevingar!**

## Kontaktinformasjon

**E-post:** [os.konfirmant@kyrkja.no](mailto:os.konfirmant@kyrkja.no)

**Nettside:** [kyrkja.no/os](http://kyrkja.no/os)

KONF  
IRM  
AN  
20 ✦ 27



DEN NORSKE KYRKJA  
Os kyrkjelyd



## Ei tid for nye opplevingar!

### Kva er egentlig konfirmasjon?

Konfirmanttida er eit litt annleis år der du får læra noko nytt om deg sjølv, Gud og kyrkja. Vi utforskar meninga med livet, døden, tru, håp og kjærleik. Kvifor måtte Jesus dø? Og kva betyr det eigentleg å tru at alle menneske er skapt i Guds bilete og har uendeleg verdi? Og på kva måte har dette noko å seie for livet ditt?

Du får høyre fortellingane om Jesus, bruke kyrkjerommet og lære korleis vi kan "gjere tru".

Som konfirmant skal du få oppleve å høyre til og sleppe å prestere. Du skal få rom til å reflektere og kanskje kjenne på håp i ein kvardag som med uro og uvisse.

Som konfirmant får du eit annleis-år som vil gje deg minner og verktøy for livet.

Og kanskje nye vener?

### Konfirmasjon for alle

Kristen tru handlar om at vi er skapte av Gud. Uansett kor ulike vi er, så er vi alle like mykje verdt. Det gjer oss til eit mangfaldig fellesskap, av både eigenskapar og behov.

Uansett funksjonsevne har du rett til ei god konfirmanttid. Vi har eit eige konfirmantopplegg for deg som treng litt ekstra tilpassing; «Rom for deg». Meld deg på dette i påmeldinga og vi lagar eit opplegg som passar for deg.

### Konfirmasjonsdatoar 2027

Laurdag 1. mai – Os kyrkje  
Sundag 2. mai – Nore Neset kyrkje  
Laurdag 8. mai – Nore Neset kyrkje  
Sundag 9. mai – Os kyrkje

Du kan velgje mellom desse klokkesletta:

- 10.15
- 12.00
- 13.45

## Konfirmant i Os kyrkjelyd

### Burger & Bibel, eller JoinUs Tensing?

Som konfirmant i Os kyrkjelyd kan du velje mellom to konfirmantopplegg; JoinUs Tensing eller Burger & Bibel.

Desse konfirmantgruppene har samlingar om onsdagane. Tidspunkt og oppmøte-frekvens er ulikt etter kva aktivitetsgruppe du vel.

Dersom du har ei veldig travel fritid allereie, så kan du velje å bli **App-konfirmant**.

### Påmelding

Gå inn [kyrkja.no/os](https://kyrkja.no/os) og klikk på sida "Konfirmasjon". Her har vi samla all informasjon om konfirmantåret, dei ulike tilboda og påmeldinga. Du kan og scanne QR-koden, så kjem du rett til nettsida.

Hugs å melde frå om særskilde behov i kommentarfeltet ved påmelding.

### Leir

Leiren er høgdepunktet i konfirmanttida. Alle konfirmantane får reise på leir. Du reiser på leir saman med aktivitetsgruppa di. Du finn meir informasjon om grupper og leir på nettsida.

### Konfirmantavgift

Det kostar 2200,- å vera konfirmant i Os kyrkjelyd. Måltid er ein del av opplegget for konfirmantane våre.

Familiens økonomi skal ikkje vera eit hinder for konfirmanttida. Ta kontakt om de har behov for tilpassing, og vi finn vi ei løysing saman.



**Informasjon og du her!**